

Lindås kommune
v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun

14.02.2017

FORVALTNINGSREVISJON – INFORMASJONSTRYGGLEIK

Deloitte har i samsvar med utarbeidd prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet i sak 05/17 den 25. januar 2017 starta opp ein forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik i Lindås kommune.

Føremålet med prosjektet er å undersøkje om kommunen har tilfredsstillande system og rutinar for informasjonstryggleik og om etablerte standardar og gjeldande lover og reglar vert følgt innanfor dette området.

Med bakgrunn i føremålet, er følgjande hovudproblemstillingar utarbeidd:

1. I kva grad har Lindås kommune etablert eit styringssystem for informasjonstryggleik som tilfredsstillar krav i sentrale føresegn?
2. I kva grad er det etablert rutinar for å sikre systemtilgjengelegheit i IKT-systema?
3. I kva grad har dei tilsette i kommunen tilstrekkeleg kompetanse om informasjonstryggleik?

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse, intervju og elektronisk spørjeundersøking for å få informasjon om kommunen sitt arbeid innanfor det aktuelle området.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonen:

- Organisasjonsoversikt for IKT-tenestene i Lindås kommune
- Eventuelle strategiar for Lindås kommune som gjeld IKT og informasjonstryggleik
- Styrande dokument for internkontroll og informasjonsstryggleik i kommunen
- Oversikt over organiseringa av arbeidet med informasjonstryggleik i kommunen
- Avtalar med andre kommunar om samarbeid om IKT-tenester
- Oversikt over personopplysningar som blir behandla i kommunen
- Oversikt over databehandlaravtalar kommunen har inngått
- Informasjon om og oversikt over informasjonssystemets utforming
- Risikovurderingar knytt til informasjonssystemet
- Avviksrutinar knytt til informasjonstryggleik i kommunen
- Rutinar knytt til systemtilgjengelegheit i IKT-systema i kommunen
- Rutinar og dokumentasjon for opplæring av tilsette i kommunen i informasjonstryggleik
- Eventuelle interne eller eksterne evalueringar knytt til IKT og/eller informasjonstryggleik

Om kommunen ser at det er dokumentasjon som ikkje er etterspurd over, men som omhandlar informasjonstryggleik i Lindås kommune, ber vi om at dette òg blir tilsendt revisjonen. Dersom nokre av dei etterspurte dokumenta *ikkje* eksisterer ber vi om at dette blir **eksplisitt** opplyst om i tilbakemeldinga, og at kommunen ev. gir ein kort skildring av praksis i staden.

Vi vil også gjerne ha tilsendt ei **liste med e-postadresser** til alle tilsette i Lindås kommune.

Om mogleg ønskjer vi å få tilsendt etterspurd dokumentasjon i elektronisk format. Med omsyn til e-postlista over tilsette, er det eit føremonn om denne kan sendast i Excel-format.

Vi ber om at vi får tilsendt dokumentasjonen og lista med e-postadresser innan **tysdag 7. mars**. Vidare ber vi om at kommunen peikar ut **ein kontaktperson for forvaltningsrevisjonsprosjektet** som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument og organisering av intervju.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Frode Løvlie på tlf. 480 97 914, eller per e-post til flovlie@deloitte.no.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Frode Løvlie
Prosjektleiar